



Her konkurrerer Aksel Kloster med Kjell Ove Rørheim, bror til Svein Ottar, og vinnar av fleire konkuransar i langorvslått.

Frå ein av våre trufaste lesarar Lars Wang har vi motteke nokre kjekke og flotte biletar som er tekne på eit sommararrangement i Uskedalen for 2-3 tiår sidan. Vi klarer ikkje å plassera dei på eit bestemt arrangement, og etter å ha kontakta fleire av dei som er avbilda, ber vi no lesarane om hjelp.



Desse dansarane var truleg med på arrangementet: Kåre Vetrhus, Ståle Eik, Knut Steinsletten, Halvard Døssland, Ivar Kåre Døssland, Lars Myklebust, truleg Jens Musland (delvis skjult), og Gunnvald Friheim. Framme f.v. Møyfrid Kristoffersen, Gunnlaug Eik, Venke Vetrhus, Gerd Myklebust, Gudrun Døssland, Magnhild Eikeland, Jorunn Svåsand og Tordis Myklebust. Utfrå personane vi ser på bileta trur vi dette må vera eit arrangement midt på 1990-talet. Aksel Kloster er på fleire av bileta, og han vart vald til ordførar i 1995. Vi ser at det har vore litt torgsal. Det var utstilling av gamle taktorar. Det var tevling i å slå med langorv. Truleg var det også danseoppvisning dersom bileta av leikarringen er tatt same dag.

Vi er interessert i å få vita kva arrangement det var. Kven stod bak det? Kva programinnslag det var? Er det ein torgdag? Kan det vera forløparen til Damevennene sin aktivitetsdag? Vi er også interessert i å få identifisert flest mogeleg av personane på bileta.

Dei som har opplysningar om bileta og arrangementet kan kontakta oss på uskedalen.no@gmail.com eller 932 88 237.

Elles set vi stor pris på at lesarar sender oss biletet, - både av ny og eldre dato.
Tusen takk for sendinga, Lars!



Olsen stilte med stor flott traktorutstilling



Her ser vi ei yngre utgåve av Trond Olsen saman med traktorane.



Magne Eik dreiv butikk på Brekketoppen og stilte med plenklipparar og målarvarer. Her i samtale med Torger Eidsvik og Lars Myhre.



Folk kosa seg! Eg kjenner att Inger Musland.



Kven er på dette biletet? Er den i lilla Nina Børshheim, og er det Birger Myklebust på sykkel?



Aksel Kloster var truleg ordførar(ordf. 1995-2003) då arrangementet var.



Gunnvald Friheim var truleg leiar for leikarringen slik han var for barneleikarringen i ungdomslaget 30 år tidlegare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Wang